



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 14. mai 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 32/19

Til saksnummer: 38/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)
Arvid Kaspersen (nestleiar)
Kjersti M. Berge
Jens Kåre Stokka
Hans Voll
Borghild Friestad (varamedlem)
Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Marit Høie har permisjon, Dagfinn Steinnes

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 14.mai vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 9. april vart godkjend.

SAK 32/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

Ivan er i kontakt med arrangør om gjennomføring av nattverd. Det er fint om flest mogleg er frå Bore. Me må gjera ein jobb med å få på plass nok folk. Det blir 6 til 8 stasjonar og intinksjon. Bore vil også stilla med stand i teltet som deler ut brosjyrer og anna. Arvid, Jens Kåre, Kjersti frå soknerådet i tillegg til stab: Johannes, Solfrid, Ingelin og Elin Anita. Vaktliste må setjast opp.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Bore stiller med nok folk til nattverd og stand gjennom dagen og kvelden.

Forbønns gudstenesta 2. juni blir ei gudsteneste med gjestetalar og bønnevandring ved forbønnstenesta.

Diakoniutvalet oppdaterer bønnekorta til hausten.

SAK 33 /19**Evaluering konf.fest****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Soknerådet seier seg nøgd med gjennomføring av festen, både når det gjeld tidsramme, innhald og utføring av alle frivillige og stab.

SAK 34/19**Evaluering konfirmasjonane****Drøfting**

Dette året hadde me grei fordeling av talet på konfirantar pr. gudsteneste. Kyrkja vart ikkje for full. Kyrkjestova og kyrkjeloftet var i bruk på dei gudstenestene med størst deltaking. Trenden er at folk ønskjer konfirmasjon på laurdagar. Truleg set me opp kun laurdagar framover. Soknerådet er oppteken av at opplegget for konfirmantane er best mogleg tilrettelagt for konfirmantane slik at dei har utbytte av undervisninga uavhengig av den kunnskapen dei har om kristendomen frå før. Kyrkja skal møta alle våre medlemmar og kan ikkje tilby

utanlandsreiser og andre svært kostbare arrangement. Likevel har me god kvalitet på opplegget vårt og dedikerte tilsette som legg ned ein stor innsats som menigheten kan vera stolt av og takksam over.

Påmelding til neste år kunne vore høgare. Det er fleire forsamlingar/menigheter som tilbyr undervisning og me opplever at nokre av våre medlemmar vel andre tilbod.

Grunna mange konfirmentar pr. gudsteneste i fjor, vart det merka ein benk pr. familie. Dette vart ikkje gjort i år – i og med god plass, men det viser seg at dette er ønskjeleg.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Soknerådet er opptekne av å ha god kvalitet på konfirmantopplegget og gjennomføring av året og konfirmasjonane. Det er rom for å ha stort fokus og auka ramma til musikk. Soknerådet vil at flest mogleg av våre medlemmar vert konfirmert hos oss. Kvar familie får merka ein benk pr. familie på konfirmasjonane framover.

SAK 35/19 Samarbeidsmøte med andre forsamlingar i Bore

Drøfting

Forslag til vedtak Bore sokn deltek på samarbeidsmøtet med soknerådsmedlemmane, 1. vara og sokneprest, i alt 8 stk. Dagleg leiar gir bedehuset ved formann, Reidar Harberg, beskjed.

Vedtak Bore sokn deltek på samarbeidsmøtet med soknerådsmedlemmane, 1. vara og sokneprest, i alt 8 stk. Dagleg leiar gir bedehuset ved formann, Reidar Harberg, beskjed.

SAK 36/19 Soknerådsvalet 8. og 9. september.

Drøfting

Forslag til vedtak Dagleg leiar har oversikt og set opp vaktlister 8. og 9 september. Soknerådet stiller for stemmeteljing kl. 21 i kyrkjestova.

Vedtak Dagleg leiar har oversikt og set opp vaktlister 8. og 9 september. Soknerådet stiller for stemmeteljing kl. 21 i kyrkjestova.

SAK 37/19 Møteplan hausten 2019.**Drøfting****Forslag til vedtak** Møtedatoar for hausten 2019 er:

27. august

17. september (Ivan er på studietur, møtet dreier seg hovudsakleg om
valet)

22. oktober (konstituering nytt sokneråd)

19. november

17. desember

Vedtak

Møtedatoar for hausten 2019 er:

27. august

17. september

22. oktober (konstituering nytt sokneråd)

19. november

17. desember

SAK 38/19 ORIENTERINGSSAKER**Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak**Vedtak**

Soknerådet tar saka til orientering

EVENTUELT

Etter innkallinga, fekk soknerådet innspel frå fellesrådet, om framlegg til budsjettdebatten for 2020. Det viste seg at ingen frå Bore sokn kunne stilla i neste fellesrådsmøte og Bore ville be om at dette møtet vart utsett. Utfrå denne samtalen, viste det seg eit behov for å samkøyra soknerådsdatoar med fellesrådsdatoar. Det er ønskje om at sokna legg ein felles møtekalender.

Soknerådet vil at kvart soknrådsmøte skal ha ei fast sak som omhandlar informasjon mellom sokneråd og fellesråd.

Vedtak: informasjon til og frå fellesrådet blir ei ny sak som skal stå på agenda kvar gong i Bore sokneråd. Fellesrådet bør ha møteplan som samsvarer med sokna sin.